



Austevoll Vatn og Avløp

ORDINÆRT ÅRSMØTE

Parteigarane i Austevoll Vatn og Avløp SA vert med dette kalla inn til ordinært årsmøte torsdag den 7. juni 2018 kl. 18.00 på Kraftlaget sitt kontor.

Følgjande saker skal handsamast:

- 1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.**
- 2. Val av møteleiar og 2 personar til å medunderteikna protokollen.**
- 3. Godkjenning av årsmelding og resultatrekneskap.**
- 4. Godtgjersle til styre, styreformann og revisor.**
- 5. Val av styre, vararepresentantar og revisor.**

Innkallinga vert send til alle parteigarar via e-post og saksdokumenta vert lagt ut til gjennomsyn på Austevoll Vatn og Avløp SA si heimeside www.akava.no.

Registrering av møtande parteigarar vil starta kl. 17.30.

Bekkjarvik, den 14.05.2018.

**Arve Jostein Bruntveit
styreformann**

AUSTEVOLL VATN OG AVLØP SA

VEDLEGG

TIL ÅRSMØTET

7.06.2018

Sak 03/18 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP.

Framlagt:

Styret sitt forslag til årsmelding for 2017 med resultat, balanse og notar.

Tilråding:

Styret tilrår årsmøtet å godkjenne styret si melding for 2017

04/18 GODTGJERING TIL STYRE, STYREFORMANN M.V.

Merknad:

Valnemnda vi foreslå at godtgjering til styreleiar, nestleiar og styremedlemene, samt møtegodtgjeringa vart ståande uendra i 2018 – 2019..

Godtgjering til styreleiar:	kr. 50.500,- per. år.
Godtgjering til nestleiar:	kr. 25.500,- per. år.
Godtgjering til styremedlem:	kr. 19.500,- per. år.
Møtegodtgjering:	kr. 1.900,- per møte.

Elisabeth Ø. Hufthammer (s) Reidar Vik (s) Ingvar Lauvik (s)

Sak 05/18 FORSLAG TIL VAL AV STYRET, VARAREPRESENTANTAR OG STYRELEIAR.

Merknad:

I ordinær generalforsamling den 08.06.18 vart følgjande valde til valnemnd:

Elisabeth Ø. Hufthammer, leiar
Reidar Vik, medlem
Ingvar Lauvik, medlem

Av styremedlemene står desse på val i 2018:

- **Styremedlem Grethe Drønen Ringdal 2016 – 2018**
- **Styremedlem: Liv Bente Storebø 2016 - 2018**

Vararepresentantane:

- 1. Vararepresentant: Britt Kathrine Drivenes 2016 – 2018**
- 2. Vararepresentant: Ivar Helge Melingen 2017 – 2018**

Arve Jostein Bruntveit er vald som styreleiar for 2017 – 2018.

I de nye vedtektene § 8.1 står det fylgjande:

AVA skal ha eit styre på 5 - 7 medlemmer og 3 (tre) varamedlemmer med funksjonstid på 2 (to) år.

Årsmøtet vel leiar for 1 år blant dei 4 valde styremedlemmane valde av partseigarane.

I lov om samvirkeføretak (samvirkelova), § 69 og i brev frå Brønnøysundregistra av 30.01.12 heiter det:

I styret i samvirkeføretak med meir enn 1000 medlemmar på det tidspunkt valet av styremedlemmar skjer skal begge kjønn vera representert på fylgjande måte.

- 1. har styret to eller tre medlemmar, skal begge kjønn vera represententer.*
- 2. har styret fire eller fem medlemmar, skal kvart kjønn vera representert med minst to.*
- 3. har styret seks til åtte medlemmar, skal kvart kjønn vera representert med minst tre.*

Valnemnda vil tilrå slik val av styre, vararepresentantar og styreleiar:

- **Styremedlem: Grethe Drønen Ringdal** 2018 – 2020
- **Styremedlem: Liv Bente Storebø** 2018 - 2020

I samsvar med avtale har Austevoll kommune innstilt **Liv Bente Storebø** som representant til styret. Det er årsmøtet som førestår valet.

- 1. Vararepresentant: Britt Kathrine Drivenes** 2018 – 2020
- 2. Vararepresentant: Ivar Helge Melingen** 2018 – 2020

Valnemnda vil tilrå attval av **Arve Jostein Bruntveit** som styreleiar for eitt år.

Dei tilsette har valt **Alf Magne Dale** som sin representant for perioden 2018 - 2020

Elisabeth Ø, Hufthammer(s) Reidar Vik(s) Ingvar Lauvik(s)
Leiar

VAL AV REVISOR FOR 2018

Merknad:

I ordinært årsmøte den 8.06.17 tilrådde styret årsmøtet å velja BDO som Austevoll Vatn og Avløp SA sin revisor for år 2017. Årsmøtet slutta seg samrøystes til styret si tilråding.

Erfaringane med BDO er gode, og styret vil tilrå at BDO får fortsetje som leverandør av revisortenester

Tilråding:

Styret tilrår årsmøtet å velja BDO som Austevoll Vatn og Avløp sin revisor for 2018.